

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 26.4.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 13/22. Høyring: Revidering av kommunale retningslinjer for motorferdsle i utmark og på islagde vassdrag i Aurland kommune

### **Saksopplysning/vurdering:**

Aurland kommune har sendt ut på høyring ei sak som gjeld revidering av kommunale retningslinjer for motorferdsle i utmark, med høyringsfrist 1. mai. Høyringsdokumenta ligg ved. I tillegg har eg lagt ved dei gjeldande retningslinjene, vedtekne i K-sak 13/10, slik at ein kan samanlikna nytt utkast med gjeldande regelverk.

Så langt eg kan sjå, er det små endringar i utkastet til nye retningslinjer i høve til dei som er vedtekne tidlegare. Den største endringa er at der ein tidlegare berre kunne få tildelt dispensasjon for maks 4 veker i slengen, kan det etter nytt regelverk gjevast løyve for heile skutersesonegen, 1. desember – 30.april. Dette har truleg mest med det administrative arbeidet å gjera – ein unngår at same søkjar kjem att med fleire søknader i løpet av vinteren. Så lenge talet på gjevne dispensasjonar/ turar vert uendra, vil ein slik ny praksis truleg ha lite å bety når det gjeld samla omfang av køyring.

Det går fram av dei utsende dokumenta at eit utkast til retningslinjer vart handsama i utvalet for plan og eigedom i kommunen den 14.2.22. Der vart eit endringsforslag vedteke. Dette endra ordlyden i pkt. 4 frå «forbode» til «gjevast løyve til.» I etterkant av dette møtet har rådmannen kome til at denne endringa ikkje var i tråd med nasjonalt regelverk. Utkastet som no er utsendt på høyring, etter ny handsaming i utval for plan og eigedom den 14.2.22, er difor utan denne endringa. Utgangen av april er såleis framleis føreslege som siste frist for køyring med kommunalt gjeven dispensasjon. Dette er i tråd med ein lang praksis, som kommunane i Nordfjellaområdet vart samde om under arbeidet med ein felles kommunedelplan for villrein, vedteken i alle dei 6 kommunane i 1997-98. Datoen er fastsett ut frå omsynet til kalvingstida for rein. Det ville ha vore særskild uheldig dersom Aurland kommune skulle ha gått inn på ein ny praksis, i strid med den som har vore felles og innarbeidd i Nordfjellakommunane gjennom mange år, og i strid med villreininteresser og andre naturomsyn. Det ligg og i det same punktet i retningslinjene at ein går inn for å vidareføra avgrensinga på køyring nokre av påskedagane. Dette er og ein godt innarbeidd praksis som det ikkje bør vera noko problem å slutta seg til.

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 26.4.22

Stad: Fjordsenteret

---

*Sak 13/22, side 2.*

### **Framlegg til uttale:**

Aurland fjellstyre har følgjande merknader til utkast av 12.1.22 til kommunale retningsliner for motorferdsle i utmark og på islagde vassdrag:

- Der ein tidlegare berre kunne få tildelt dispensasjon for maks 4 veker i slengen, kan det etter nytt regelverk gjevast løyve for heile skutersesonegen, 1. desember – 30.april. Dette har truleg mest med det administrative arbeidet å gjera – ein unngår at same søkjar kjem att med fleire søknader i løpet av vinteren. Så lenge talet på gjevne dispensasjonar/ turar vert uendra, vil ein slik ny praksis truleg ha lite å bety når det gjeld samla omfang av køyring.
- Utgangen av april er framleis føreslege som siste frist for køyring med kommunalt gjeven dispensasjon. Dette er i tråd med ein lang praksis, som kommunane i Nordfjellaområdet vart samde om i etterkant av arbeidet med ein felles kommunedelplan for villrein, vedteken i alle dei 6 kommunane i 1997-98. Datoen er fastsett ut frå omsynet til kalvingstida for rein. Det ville ha vore særst uheldig dersom Aurland kommune skulle ha gått inn på ein ny praksis, i strid med den som har vore felles og innarbeidd i Nordfjellakommunane gjennom mange år, og i strid med villreininteresser og andre naturomsyn. Det ligg og i det same punktet i retningslinene at ein går inn for å vidareføra avgrensinga på køyring nokre av påskedagane. Dette er og ein godt innarbeidd praksis som fjellstyret ikkje har noko problem å slutta seg til.

Fjellstyrekontoret, den 20.4.22

Harald Skjerdal



Aurland, 23.03.2022

Villreinutvalget Nordfjella

Vår ref.  
21/1089-5

Dykkar ref.

Sakshandsamar  
Marianne Nygård, 47 48 65 63

Arkiv  
K2-K01, K3-&00

## Høyringsdokument - revidering av Kommunale retningslinjer for motorferdsle i utmark og på islagde vassdrag - Aurland kommune

Plan- og eignedomsutvalet har i møte 14.02.2022, sak nr. 004/22, vedteke å leggja Kommunale retningslinjer for handsaming av motorferdsel i utmark og på islagde vassdrag, ut til offentlig ettersyn.

Felles Landbrukskontor ÅLA ber om innspel til revisjon av **Kommunale retningslinjer for motorferdsle i utmark og på islagde vassdrag – Aurland kommune**.

Frist for å koma med innspel er **05.05.2022**

Innspel vert å senda på e-post til;

[post@aurland.kommune.no](mailto:post@aurland.kommune.no)

eller

Aurland kommune  
Vangen 1  
5745 Aurland

Med helsing

Marianne Nygård  
sakshandsamar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

**Likelydande brev er sendt til:**

Adressantar			
Aurland Fjellstyre			
Aurland Jakt og			
Fiskelag			
Aurland Røde Kors			
Aurland			
Snøscooterklubb			
Aurland Turlag			
Austfjelli Beitelag			
Hemsedal kommune	Hemsedalsvegen 2889	3560	Hemsedal
Hol kommune		3576	Hol
Lærdal kommune	Øyraplussen 7	6887	Lærdal
Nærøyfjorden			
Verneområdestyre			
Politistasjonssjef i			
Aurland			
SNO			
Statsforvaltaren i	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Vestland			
Stemmerdalen			
Sankelag			
Ulvik Herad	Skeiesvegen 3	5730	Ulvik
Vestfjelli Beitelag			
Vik kommune	Postboks 134	6891	Vik i Sogn
Fjellheimen og			
Raudafjell			
Villreinnemnda			
Nordfjella			
Villreinutvalet			
Fjellheimen			
Villreinutvalget			
Nordfjella			
Villreinutvalget			
Raudafjell			
Voss Herad	Postboks 145	5701	Voss
Ål kommune	Torget 1	3570	Ål



## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/22	Plan- og eigedomsutval	14.02.2022

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
21/1089 - 21/9414	K2-K01, K3-&00	Magnhild Aspevik 47 48 65 50	12.01.2022

### **Kommunale retningslinjer for handsaming av søknadar om løyve til motorferdsle i utmark og på islagde vassdrag - REVIDERING - justering av høyringsframlegg**

#### **Saka gjeld:**

Administrasjonen har utarbeida justert høyringsframlegg for endring av Aurland kommune sine *Kommunale retningslinjer for motorferdsle i utmark og på islagde vassdrag*.

Rådmannen tilrår at framlegg til nye reglar vert lagt ut på høyring.

#### **Tilråding frå rådmannen:**

Aurland kommune legg framlegg til nye *Kommunale retningslinjer for handsaming av søknadar om løyve til motorferdsel i utmark og på islagde vassdrag* av 12.1.2022, ut på høyring.

Høyringsfristen vert sett til 6 veker frå kunngjering.

Nye retningslinjer skal godkjennast av Aurland kommunestyre.

#### **Saksframlegg**

Administrasjonen i Aurland kommune har fått i oppdrag frå Plan og eigedomsutvalet å revidera kommunen sine *Kommunale retningslinjer for motorferdsle i utmark og på islagde vassdrag*. Gjeldande retningslinjer vart vedteke av kommunestyre i sak K-sak 013/10.

I sak PEU-066/21, vart det gjort slikt vedtak i møte 6.12.2021:

#### **Handsaming i møte:**

Tilleggsframlegg frå Terje Hilstad(S): Pkt 4 må endre ordlyd frå "forbode" til "gjevast løyve til" i perioden 1 desember - 30 april. Dette vil vera i samsvar med ordlyd i lov og forskrift. Rådmannen si tilråding med endring vart samrøystes vedteken.

**PEU-066/21 Vedtak:**

Aurland kommune legg framlegg til nye Kommunale retningslinjer for motorferdsel i utmark og på islagde vassdrag av 23.11.2021, ut på høyring.

Høyringsfristen vert sett til 6 veker frå kunngjering.

Nye retningslinjer skal godkjennast av Aurland kommunestyre.

Ordlyd i pkt 4 vert endra i samsvar med tilleggsframlegg.

Samrøystes.

Det er utarbeida justert retningsline i tråd med dette vedtaket, sjå vedlegg.

**Vurdering**

Rådmannen ser at framlegg til ny Kommunale retningslinjer for motorferdsel i utmark og på islagde vassdrag, som vart vedteke i sak PEU-066/21, må justerast før den vert lagt på høyring. Vedtak i sak PEU-066/21, er ikkje i tråd med nasjonalt regelverk.

Rådmannen tilrår at justert retningsliner datert 12.1.2022, vert lagt ut på høyring.

For ytterlegare vurdering sjå sak PEU-066/21.

**Uprenta vedlegg til saka:****14.02.2022 Plan- og eigedomsutval****Handsaming i møte:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**PEU-004/22 Vedtak:**

Aurland kommune legg framlegg til nye *Kommunale retningslinjer for handsaming av søknadar om løyve til motorferdsel i utmark og på islagde vassdrag* av 12.1.2022, ut på høyring.

Høyringsfristen vert sett til 6 veker frå kunngjering.

Nye retningslinjer skal godkjennast av Aurland kommunestyre.

Samrøystes

**Vedlegg:**

Kommunale retningslinjer for motorferdsle i utmark og på islagde vassdrag - REVIDERING  
KOMMUNALE RETNINGSLINER FOR HANDSAMING AV SØKNADAR OM  
MOTORFERDSLE I UTMARK OG PÅ ISLAGDE VASSDRAG\_UTKAST AV 12 januar 2022



Aurland kommune

## UTKAST AV 12.1.2022

### KOMMUNALE RETNINGSLINER FOR HANDSAMING AV SØKNADAR OM LØYVE TIL MOTORFERDSLE I UTMARK OG PÅ ISLAGDE VASSDRAG

Utfyllande retningslinjer for bruk av motorkøyretøy i Aurland kommune er utarbeida med utgangspunkt i *Forskrift om bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagde vassdrag, §§ 5 og 6.*

Vedteke i Aurland kommunestyre **xx.xx.2022 – K-sak xxx/xx**

#### 1. Omsyn til sårbare områder

Høgfjellsområder som ligg ovanfor skoggrensa bør i størst mogeleg grad skjermast frå motorferdsle. Spesielt gjeld dette områda innanfor villreinen sitt leveområde, og områder som er underlagt vernestatus. Omsyn til natur, dyreliv og friluftsinnteresser skal vektleggjast.

#### 2. Val av trase

All transport skal skje i kortast mogeleg trase mellom utgangspunkt og mål med transporten. Det skal likevel takast særlege omsyn til villreinen sine beiteområde, kalvingsområde og trekkvegar. Der det er mogeleg skal oppkøyrd løyper nyttast.

#### 3. Barmarkskøyring

Ferdsl på bar mark vert regulert i forskrifta §2 og handsama etter søknad i medhald av forskrifta §6.

#### 4. Tidsavgrensa køyring

Snøskuterkøyring er i utgangspunktet forbode:

- i perioden 1. mai til 1. desember
- palmesøndag og frå skjærtorsdag til og med 1. påskedag i tidsrommet kl 09.00 – 18.00
- i jule- og nyårshelga

#### 5. Søknad om dispensasjon

Elektronisk skjema på kommunen sine heimesider: [www.aurland.kommune.no](http://www.aurland.kommune.no) .

Det kan gjevast løyve til begrensa tal turar i snøscootersesongen 1.desember til 30. april.

Søknaden skal innehalde:

- Namn på søker, adresse, e-post og telefonnummer
- Type og registreringsnummer på køyretøyet
- Føremål med transporten
- Kva område/trasè transporten gjeld



- Kart med innteikna rute

## **6. Mynde**

*Forskrift om bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagde vassdrag, vert forvalta i tråd med Aurland kommune sitt delegasjonsreglement.*

## **7. Handheving, oppsyn og straff**

Kontroll med at lov, forskrift og retningslinjer vert følgd ligg hjå politistyremaktene.



Aurand kommune

## GJELDANDE RETNINGSLINER.

### KOMMUNALE RETNINGSLINER FOR MOTORFERDSLE I UTMARK OG PÅ ISLAGDE VASSDRAG ( K-sak 013/10 )

Utfyllende retningslinjer for bruk av motorkøyrerøy i Aurand kommune, med utgangspunkt i Forskrift om bruk av motorkøyrerøy i utmark og på islagde vassdrag, §§ 5 og 6 og med utgangspunkt i felles kommunedelplan for villrein i Nordfjella / Hardangervidda villreinområde sitt pkt 4, Framlegg til felles retningslinjer for motorferdsle i utmark. Heimel for å fastsetja retningslinjer for bruk av motorkøyrerøy i utmark er gjeven i same forskrift § 7.

#### 1. Omsyn til sårbare områder:

Høgfjellsområder som ligg ovanfor skoggrensa bør i størst mogeleg grad skjermast frå motorferdsle. Spesielt gjeld dette områda innanfor villreinen sine leveområde, og områder som er underlagt vernestatus. Omsyn til natur- og friluftsinnteresser skal vektleggjast.

#### 2. Val av trase :

All transport skal skje i kortast mogeleg trase mellom bilveg/jernbane og utgangspunkt. Det skal likevel takast særlege omsyn til villreinen sine beiteområder, kalvingsområder og trekkveggar. Der det er mogeleg skal oppkøyrde løyper nyttast.

#### 3. Barmarkskøyring

Det vert normalt ikkje gjeve dispensasjon til køyring / transport på barmark

#### 4. Tidsavgrensa køyring

Snøskuterkøyring er i utgangspunktet forbode:

- i perioden 1. mai til 1. desember
- palmesøndag og frå skjærtorsdag til og med 1. påskedag i tidsrommet kl 09.00 – 18.00
- i jule- og nyårshelga

#### 5. Søknad om dispensasjon

Søknad skjer til kommunen på fastsett søknadsskjema. Elektronisk skjema på kommunen sine heimesider: [www.aurland.kommune.no](http://www.aurland.kommune.no) . Det vert kun gjeve løyve til datofesta enkeltturer, eller køyring innanfor eit kort tidsrom. Løyve med frist lengre enn 4 veker vert ikkje gjeve. Avvik frå gjevne opplysningar i søknaden skal varslast Aurand kommune.

#### 6. Mynde

Med unntak av søknader etter § 6 i Forskrift om bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagde vassdrag, vert avgjerdsmynde ved søknad om køyreløyve gjeve til rådmannen. Søknader etter § 6 skal handsamast politisk. Plan og utvikling får delegert mynde til å innvilga leigekøyringsløyve.

#### **7. Handheving, oppsyn og straff:**

Kontroll med at lov, forskrift og retningsliner vert følgd ligg hjå politistyremaktene.